

Høgskulen i Volda

Historisk institutt

HI 210

Vårsemesteret 2014

Bacheloroppgåve

Inger Grønntun

Kandidatnummer 103

Studentnummer 070641

BACHELOROPPGÅVE I HISTORIE

Fjordhesten si historie og utvikling ca. 1850-1910, med vekt på valet av den blakke fargen som rasemerke



Av Inger Grønntun

Innhald

Innleiing	4
Bakgrunn for oppgåveval	4
Kjelder og metode	5
Hesteavlen i Noreg før 1850.....	6
Fargar på hest.....	7
Farge tradisjonar i Europeisk hesteavl	7
Hestefargar på Austlandet i eldre tider.....	9
Tiltak for å fremje hesteavlen	10
Statsstutteriet på Hjerkin	10
Innkjøp av statshingstar	13
Hesten i Sogn og Fjordane.....	17
Nordfjordhesten.....	17
Hesten i Sunnfjord.....	19
Hesten i Møre og Romsdal	20
Dei blakke og borka hestane frå Møre	20
Hesten i Hordaland.....	21
Baroniet Rosendal og Rosendalshestane	21
Hesten på Voss	22
Hesten i Rogaland.....	24
Avl, handel og fargar i tidlege tidar	24
Oppsummering og konklusjon	25
Litteraturliste.....	28

Innleiing

I oppgåva mi vil eg sjå nærare på korleis den hesterasen vi i dag kallar *fjordhest* vart utvikla og grunnlagt, med vekt på kvifor rasen i dag har den blakke (lys beige-gule eller grå) fargen som rasemerke. Problemstillinga eg har vald å arbeide ut frå, er *Korleis og kvifor skjedde utviklinga av den blakke fjordhesten på Vestlandet?* Det er svært mykje å skrive om emnet, difor er eg nøydd til å avgrense oppgåva, og eg vil mellom anna prøve å finne svar på fylgjande: Kva slags hest fanst i dei fire vestlandsfylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland på 1700- og 1800-talet? Korleis såg han ut, og kva faktorar verka inn på utsjånaden til hesten (med hovudvekt på farge)? Her vil eg sjå på tilhøve som kontakt med andre landsdelar gjennom handel, og generell interesse for hesteavl, som gjorde at dei i ymse distrikt avla andre typar hestar enn elles på Vestlandet. Eg stillar også spørsmål om kva slags avlstiltak som vart sett i verk frå statleg hald på 1800-talet, og kvifor desse tiltaka vart sett i verk. Eit anna viktig spørsmål eg stillar meg er kva dei statlege avlstiltaka gjorde med fargen på hesten, og kvifor ein til slutt valde å satse på blakk farge som rasemerke på fjordhesten.

Bakgrunn for oppgåveval

Personleg har eg hatt sterk interesse for fjordhesten i over 30 år. Eg møtte tidleg denne flotte hesterasen, og sidan eg i tillegg alltid har vore glad i bøker, las eg alt eg kom over om hest, og spesielt om fjordhest. Faktabøker om hest gav eit nokså einsarta bilete av fjordhesten og historia hans, og eg gjev att nokre linjer frå barndomens hestelitteratur for å illustrere dette: ”Fjordponyen [har ein] særlig attraktiv lød, der veksler fra lysebrun over okkergul til grå, med opstående man, ål ned ad ryggen og zebrastriber på benene”, skriv Ursula Bruns i 1978. Edwards (1977, s. 81) skriv at ”Den er en ”primitiv” type, fargen er utelukkende blakk i flere nyanser”. I boka *Fjordhesten* av Arve M. Bakken frå 1986 skriv forfattaren: ”Ekte fjording lyg ikkje opphavet sitt. Han er ulsblakk, brunblakk, svart og grå med ein mørk flekk på kjaken. Usymmetriske teikningar med sokk, bles og snipp må ikkje forekome”¹. Ellingsen (1994, s. 6) hevdar i boka *Fjordingen – Arven fra vikingene* at ”Fjordhesten er en av de få tamhestene som har beholdt den spesielle viltfargen med sebrastriper på beina og ål over ryggen. Dette skyldes mye at det har vært liten innblanding av andre raser”.

¹ Bakken, 1986, s. 19. Fjordhesten i dag har fem godkjente fargar: brunblakk, raudblakk, grå, gulblakk og ulsblakk. Fargevarianten grå burde i rett genetisk nomenklatur ha heitt svartblakk, og det er nok denne fargen Bakken meiner når han skriv ”svart og grå”, sidan den reine svarte fjordhesten var ein saga blott lenge før denne boka kom ut. Når det gjeld omgrepa sokk, bles og snipp, tydar dette kvite teikningar på hesten. Ein hest med sokkar er kvit på føtene. Bles er ein kvit smal eller brei stripe i fjeset, som startar i panna og går nedover mot mulen, og snipp er ein kjøtfarga og/eller kvit flekk på mulen til hesten. Jamfør Ussing (2000) og Furugren (2000).

Liknande beskrivingar og forteljingar om fargar og opphav hos fjordhesten finn ein i nyare hestebøker, som etter alt å døme nyttar dei litt eldre bøkene som kjelder. Etter kvart som eg vart vaksen begynte eg å stille meg ein del spørsmål. Stemte det at fjordhesten hadde vore blakk frå uminnelege tider? Var det tilfelle at denne hesterasen såg ut som slik han alltid hadde gjort, med omsyn til farge? I denne oppgåva presenterar eg ein del av det stoffet eg har funne, der eg ser på avlstiltak og hestefargar i dei ymse distrikta, med hovudvekt på 1800-talet.

Kjelder og metode

Når det gjeld kjeldene eg har brukt i oppgåva mi, har eg forsøkt å sjå på mange ulike, frå forskjellige tidsperiodar². Det er skrive mange gode bøker om fjordhest, og eg har fyrst og fremst nytta dei eldre, ikkje dei nyaste, sjølv om eg også har lese dei. Dei nyare bøkene bygger oftast på dei eldre, dermed står det ikkje så mykje nytt i dei nye bøkene, ein kan heller tenke seg at dei seinare forfattarane har tolka stoffet på ny, inn i sitt moderne verdsbilete. Dei fjordhestbøkene eg har brukt mest er Karstad si bok *Fjordhesten* frå 1949, Nordang si *Hestealet på Vestlandet i nyare tid*, og Lyssand sin artikkel *Fjordhesten – Frå dei eldste tider og fram til det tjugande hundreåret* frå 1951-52. Når eg les og studerar desse bøkene, må eg vurdere teksten eg les kritisk, og tenkje på både det at den som skreiv boka hadde ei intensjon med ho, og at han sjølv tolka kjeldene han brukte ut frå sin ståstad, bakgrunn og kultur. Sandnes (1994) skriv at vi må skilje mellom *beskrivande* eller *kognitive* kjelder, som fortel om korleis noko er, og *normative* eller *optative* kjelder, som fortel korleis noko *bør eller skal vere*.

I det stoffet eg har nytta som kjelder, er det mykje som må vurderast som normativt. Dei ulike avgjerdene for å forbetre fjordhestrasen og den norske hesteavlen er klare døme på dette. Dei som bestemte i landet hadde tankar om stoda slik den var, og dei ynskja å endre den i visse retningar. Dermed vert det viktig å stille spørsmål ved *kvifor* dei ville endre noko. I tillegg til

² Årsaka til at eg har vald å bruke kjelder frå ulike tidsperiodar, i staden for berre primærkjelder, er at eg håpar eg vil få eit meir nyansert bilete på den måten. Andresen, Rosland, Ryymin & Skålevåg (2012, s. 87-88) seier at det finst tre hovudtendensar når det gjeld historieskriving, og det er å gripe fortida politisk, samfunnsmessig eller kulturelt. Oppgåva mi går på tvers av periodane då desse retningane dominerte, og om eg berre skulle lagt vekt på primære kjelder frå 1700- og 1800-talet, så trur eg oppgåva mi ville fått meir preg av politikk enn det eg ynskjer. Hesteavl vart eit statleg ansvar, og for å bygge landet og å stette forsvarsevna, var hesten ei viktig brikke. Eg kunne gripe an oppgåva med større vekt på samfunn, og sett meir på den økonomiske betydninga, og på hesten si oppgåve i jordbruk, skogbruk og industri, og til skyss og frakt. Eg kunne også lagt vekt på hestehandel i eit økonomisk og samfunnsmessig perspektiv. I staden har eg vald å ha hovudfokuset på kultur, der eg prøver å forstå livsverda til fortidige menneske, og korleis dei forsto det dei opplevde og gjorde. For å forstå mest mogleg av dette, har eg prøvd å samanlikne eldre og nyare kjelder der det let seg gjere, for å sjå om tankar og førestillingar om det som ein gong skjedde har endra seg over tid.

bøkene om fjordhest, har eg nytta nokre generelle bøker om hesteavl, fyrst og fremst Petersen si historiske innleiing til Stambok³ 1 for hestar av gudbrandsdalsk rase (1902), og Baardseth si bok *Hesten i Østfold* (1973). Begge desse forfattarane har lagt stor vekt på bruk av direkte sitat og avskriftar frå eldre artiklar og rapportar, dermed får ein som lesar sjølv høve til å studere desse primære kjeldene, før ein les forfattarane si eiga tolking. Når eg les Petersen si innleiing, verkar det truleg at forfattarane av mange av fjordhestbøkene har nytta denne som kjelde. Eg kjenner att delar av den, men ser også tydelegare at dei seinare skribentane må ha tolka og forstått tekstane på måtar som ein kan stille spørsmål til: Var det eigentleg dette som vart sagt?⁴

Til å belyse fakta om hesten i dei ymse vestlandske distrikta, har eg nytta bøker, artiklar og hefte som omhandlar dette. Nokre av kjeldene legg vekt på å beskrive situasjonen, ved hjelp av til dømes avskriftar frå eldre dokument (som kan vere både normative og beskrivande), medan andre legg større vekt på korleis dei meiner at ting var, er, eller skal vere. Eg har prøvd å vurdere det eg les kritisk. Når det gjeld hestefargar, som er hovudfokuset mitt, er det greitt å finne ein del beskrivande litteratur om dette. Eg har til dømes sett på utstillingskatalogar, premielister og springrullar⁵, som er tekne med i bøkene *Aarsberetning angaaende de offentlige Foranstaltninger til Landbrugets Fremme* (1876 og 1878), og her er fargane på hestane greitt opprekna. Ein forfattar som Joleik (1959) har nytta skifteopplysningar som bakgrunn for å seie noko om tal på hestar av ulike fargar, medan Hommedal og Melve (1979) og Mork (1949) skriv om det dei sjølv hugsar, har opplevd eller blitt fortald. Slike opplysningar vert naturleg nok ikkje like statistisk rette, men dei fortel likevel noko om tendensar, og på den måten er dei nyttige.

Hesteavlen i Noreg før 1850

Før hesteavlen vart sett i system, var oppdrettet av hestar i Noreg tilfeldig og utan nokon fast plan⁶. På dei fleste gardsbruk var det hest, og mange av dei hingstane som vart fedrar til føla var ungdyr som gjekk lause i skog og fjell. Rett nok vart det klaga på dette, og mellom anna

³ Ei stambok er ei bok som fortel om hesteslektar. Premierte hestar (hingstar og merrar) er tekne inn i dei fyrste stambøkene, samt mødrer til premierte hingstar. Kvar hest fekk eit nummer i boka, og står oppført med premiegrad, beskriving, fødselsår, avstamming (foreldre), fødestad og år, og kven som har eigd hesten. Kjelde: Stambok 1, 2. utgåva (1920), stambok 2 (1923) og stambok 3 (1925) for vestlandshest (fjordhest).

⁴ Eit godt døme på dette, som eg kjem attende til, er kva som eigentleg vart skriva om dei kvite hestane på Hjerkin.

⁵ Utstillingskatalogar er oversyn over innmelde dyr til hesteutstillingane, medan premielistene viser kva for nokre av desse dyra som fekk premie. Springrullar var oversyn over kva for nokre merrar som var bedekka (para) med dei ulike hingstane som staten og/eller fylket eigde.

⁶ Baardseth (1973) og Petersen (1902)

sende dragonkaptein Trane i 1722 eit brev til statthaldar Wibe i 1722, der han uttrykker bekymring over tilstanden til hesten i Noreg. Han meinte ein burde sette i gang med stutteriverksemd⁷, som i Danmark, for landet var svært dårleg utstyrt med gode og dyktige hestar (Petersen, 1902, s. 48). Ei av årsakene til behovet for betre hestar var at kongemakta hadde bruk for store og sterke hestar til hæren (Baardseth, 1973, s. 19).

I tida før 1850 fanst det ikkje hesterasar (kulturrasar) på same måte som no her til lands⁸. Hestane i dei ymse distrikta var ulike, grunna varierende klima og ver, naturleg utval, ulik påverknad frå andre typar hest, og ulik interesse for hestehald og oppdrett. I nokre område av landet kunne ein finne større, kraftigare og meir eksteriørmessig vakker hest, medan ein spesielt i kystdistrikta ofte fann svært små og ringare hestar. Dette skal eg seie meir om når eg tek føre meg hestane i dei ymse distrikta. Eg kunne elles ha skrive mykje om det nemnde behovet for hestar til militært bruk, for det verkar som om det var dette som fyrst og fremst utløyste dei fyrste avlstiltaka frå statleg hald⁹. Sidan lite av dette handlar direkte om hestefargar, har eg valt å ikkje skrive så mykje om det, men det er viktig å ha det i bakhovudet når ein les.

Fargar på hest

Fargetradisjonar i Europeisk hesteavl

Historisk er det truleg at den blakke fargen var den opphavlege hos arten hest¹⁰.

Fargevarianten gir god kamuflasje på steppeland med store grassletter, som er villhesten sitt naturlege habitat. Derimot veit vi at straks mennesket begynner å temje ein dyreart, går det kort tid før andre fargevariantar ser dagens lys, og begynner å gjere seg gjeldande. Truleg finst ein rekkje recessive (vikande) variantar i genane til dei ville dyra også, men dyr med avvikande fargar vil bli lette bytte for rovdyr, og dei vil dermed ikkje utvikle seg før dyra får beskyttelse hos menneska¹¹. Det kjem utanom rammene for denne oppgåva å gå innom

⁷ Eit stutteri er eit hesteoppdrett, ein plass der dei avlar hestar.

⁸ Baardseth (1973) stillar spørsmålet om kva ein husdyrrase er, i boka si *Hesten i Østfold*. Han viser til Skjervold sin definisjon: "En rase er en gruppe dyr som skiller seg fra andre dyregrupper innenfor vedkommende art ved at den har noen arvelig betingete særtrekk – de såkalte raseegenskaper". Han skil vidare mellom *naturrasar*, som er forma utan menneskelege inngrep, og *kulturrasar* som er forma ved meir og mindre bevisste inngrep frå menneske, slik som betring av miljøet, utval, kryssing av rasar, innavl og prestasjonsprøver.

⁹ Jamfør mellom anna Baardseth (1973, s. 22), som fortel at kongane førde mange krigar, og trong store og gode hestar til krigsmakta. Det vart hevda at den norske hesten var for liten, og var blitt dårlegare etter kvart.

¹⁰ Jamfør Furugren, 2000, s. 38

¹¹ Børresen (1994) peikar også på at mennesket har "en forkjærlighet for det individet som skiller seg ut fra massen" (s. 23)

genetiske drøftingar, men ein må uansett konstatere at den hesten menneska hadde for til dømes 1000 år sidan, mest truleg fanst i ei rekkje fargevariantar, også i Noreg¹².

For å forstå den vidare historia til hestefargane, kan det vere greitt å vite noko om ulike tidsepokar i europeisk historie. Fyrst og fremst er barokken ei viktig tid å kjenne til. I den perioden vart hestar av alle fargar elska fram. Ved stutteria på det europeiske kontinentet oppdretta ein tигра (prikkete) hestar, flekkete, skimler, blakke, gule, borka og blåøygd kvite, i tillegg til svarte, brune og raude hestar. Blant fine folk, adelen og hoffa vart det svært populært med hestar i iaugefallande fargar, som verkeleg skilde seg ut frå mengda¹³. Vangen (1997) delar den europeiske hesteavlshistoria inn i tre ulike periodar. Den fyrste epoken, det vi ofte kallar ”riddertida”, nemnar han som *herregards- og klosterstutteria* sin periode¹⁴. Då krutet vart teke i bruk i det 14. og 15. hundreåret¹⁵, var det etter kvart ikkje lenger bruk for riddarhesten i kamp. Han fekk nye bruksområde innafor jordbruk og som trekkhest¹⁶, medan kongar og hoff tok over dei avlsoppgåvene adelen tidlegare hadde hatt, og man gjekk inn i det

¹² Eit godt døme på dette er fargane på islandshesten, som kom til sagaøya med vikingane. På Island har det i fylgje tradisjonane vore importforbod av hest i mange hundre år (det skjedde rett nok ein import av ein norsk fjordhingst i 1910, men denne vart isolert på ei øy, vart ikkje brukt i avl som sette spor etter seg, og kom aldri til fastlandet), dermed må ein tru at dagens islandshest framleis har dei genane som var vanlege blant hestar i Norden for rundt tusen år sidan. Til Island kom det hest med vikingane ikkje berre frå Noreg, men også frå andre land. ”De kom jo også mange steder frå, og raceavl var et ukendt begrep i vikingetiden”, skriv Jonsson (2000, s. 17). Hestar frå mange plassar i verda vart naturlegvis tekne med ikkje berre til Island, men også til Noreg, og influerte på hesteavlen her.

¹³ Ussing (2000) skriv mellom anna om hesteavlen i Danmark (fredriksborgarhesten): ”Da der var prestige i at have flotte ride- og køreheste, helst i sjældne farver, forsøgte man i 1600- og 1700-tallet at renavle farverne hos frederiksborgeren” (Ussing, 2000, s. 117).

¹⁴ Vangen (1997) fortel at den planmessige avlen av hest gjekk føre seg på store gods, og målet med oppdrettet var å frambringe store og sterke hestar som kunne bere vekta av ein riddar med rustning og våpen. Truleg tok ein utgangspunkt i tyngre hestetypar som hadde fanst lenge i dei kontinentale skogane, og kryssa inn noko arabisk og orientalsk blod. Dei hestetypane som vart avla fram i denne perioden la grunnlaget for det seinare oppdrettet av store, sterke, kaldblodige arbeidshestar.

¹⁵ Det var truleg ein svært glidande overgang over lang tid når det gjaldt bruk av skytevåpen. I ”riddertida” fanst det også bogeskyttarar som rei på hest (Lunden, 1984, s. 159), og dei ynskte seg gjerne raskare og smidigare hestetypar. Den fyrste sikre kjelda til bruk av skytevåpen med krut har vi frå England, 1326 eller 1327 (Lunden, 1984, s. 160). Ved år 1400 fanst det mange typar kanonar og gevær, fortel Lunden (1984, s. 160) vidare. Mot slutten av 1400-talet var det slutt på den militære epoken i seinmiddelalderen, og ryttarvåpen og bogeskyttarar var historie. Det franske artilleriet var mellom anna blitt ein viktig maktfaktor i Europa (Lunden, 1984, s. 160).

¹⁶ Sjølv om hesten ikkje lenger hadde bruk for styrke og kraft til å bere riddaren i panser og plate, var det framleis bruk for sterke hestar til militært bruk også. Den tunge riddarhesten gjekk ikkje heilt over i sivil bruk. Mellom anna trong ein hestar til å trekke militært utstyr, og ein trong sterke hestar for å dra fram kanonar og anna tung skyts som etter kvart vart vanleg. Olsen (2008) greier ut godt om hesten i forsvaret og bruken av han til ulike oppgåver her i Noreg.

Vangen (1997) kallar *hoffstutteria sin periode*. No konsentrerte ein avlen rundt lettare og meir smidige hestar, som vart nytta til ridning, lek og jakt¹⁷.

Frå slutten av 1600-talet starta den tredje epoken i europeisk hestevalshistorie, som Vangen kallar *landsstutteria sin periode*¹⁸. Målet vart å produsere lettare ridehestar, fyrst og fremst til militært bruk, Trenden no var at ein trong hestar til dei store kavaleria som danna dei nye militære forvara til statane. Eit effektivt kavaleri måtte kunne opptre som ei samla eining, dermed vart det slutt på alle dei spenstige fargane, og ein tok i staden til å reinavle brune, raude, svarte og skimla hestar. Det var desse fargane som var lettast å ”handtere”, fordi det var enkelt å finne like hestar¹⁹. Dei fargerike barokkhestane vart raskt sett på som vulgære ”klovnehestar”, som ingen ville ha utanom omreisande gjøglarar²⁰. Resultatet vart at mange av fargevariantane forsvann frå dei europeiske hestane, mellom anna den blakke. Eg skal no sjå på fargen på hestane i Noreg på 1700- og 1800-talet, og etter kvart prøve å finne ut om og korleis dei europeiske fargetrendane kan ha påverka norsk avl.

Hestefargar på Austlandet i eldre tider

I Noreg fanst det som nemnd ingen statleg styrt hesteavl i tida før 1850, men austpå var det ein del danske embetsfolk, og nokre av desse førde inn hestar frå Danmark²¹. Importen av hestar frå Danmark var temmeleg omfattande, mellom anna vart det i 1718 kjøpt inn 300

¹⁷ Mange hesterasar vart grunnlagt på denne tida, mellom anna den austerriske lipizzaneren, den spanske hesten og dei danske hesterasane fredriksborgar og knabstrupar. Det var i denne perioden barokken høyrer til, og eit variert spekter av fargar og avteikn vart svært populært. Danskane delte inn avlsdyra sine ved Fredriksborg-stutteriet i ulike fargeflokkar, og i boka *The imperial Horse – The saga of the lipizzaners* finn ein ei rekkje måleri og andre kunstnariske framstillingar frå 1600- og 1700-talet som visar hestar i nær sagt alle regnbuens fargar. Det var slike fargerike barokkhestar spanjolane tok med seg til Amerika, og den dag i dag finn vi svært mange flotte fargar hos dei amerikanske hesterasane som har forsvunne hos dei fleste av dei europeiske rasane. Isenbart & Bühner (1986), tekst til måleri: ”Herds of mares at Lipizza in 1727, in a painting by the well-known English horse artist George Hamilton. At that time the “baroque colors” still clearly predominated the stud. All decorative and eye-catching colorations and markings were represented, the dapples, bays, duns, piebalds and skewbalds each having a rarity and corresponding market value” (Isenbart & Bühner, 1986, s. 117)

¹⁸ Petersen (1902, s. 104) oppsummerar hesteavlshistoria i Europa kort og greitt slik: ”I vor verdensdel gaar krigshestens udvikling den samme gang: -stridsvogne; - barbakridning; -sadelen indføres; -ridderskabet I panser og plade; -det østerlandske og berbiske blod naar til Europa; -den spanske skole blomstrer. Saa afløses karussellen af tærrenridning, og soldaterhestens opkomme blir den gennem træningen staalsatte og ved kapløbene prøvede fuldblodshest, ædelhedens kilde. Riddertidens vælige ganger gaar igjen som bryggerhest i Londons gader”.

¹⁹ Wrangel (1911-1913). Også Hirsch (1910) peikar på at dei mørke fargane er heldigare enn dei lyse.

²⁰ Wrangel (1911-1913) skriv mellom anna: ”Tigerhåret är eftersökt endast af konsberidare och tirolske bönder. Skäcken står knappast högre på rangskalan. Araben säger t. o. m. om honom: Frukta skäcken, han er broder til kon” (Wrangel, 1911-13, s. 413).

²¹ I 1711 vert det mellom anna rapportert at assessor Schmidt i Vågå hadde ein dansk elgsblakk hingst, og at dette var den einaste han brukte i sitt oppdrett. Sokneprest i Lom, de Fine, hadde ein mørk elgsblakk hingst, og det vart også meldt om ein svart dansk hingst i Vågå (Petersen, 1902, s. 32-33).

danske hestar til dei nyoppretta dragonkompania, og også i 1728 var det snakk om å hente hestar frå Danmark, fyrst og fremst til militært bruk (Petersen, 1902, s. 33). Vi veit at ein god del hest på Austlandet kom frå Danmark, og at i alle fall nokre av desse var blakke²².

Elles er det svært interessant å sjå kva Sigvald Petersen (1902, s. 112) fortel om fargane på hesten i Gudbrandsdalsdistrikta:

Dølehestens mørke let er imidlertid ikke rasens oprindelige. Farven er til og med av temmelig fersk datum. Alt tyder paa, at den skriver seg fra det fremmede blod, som indførtes i det attende aarhundrede. Uden kundskab om sagens historiske sammenhæng holdt man fra omkring midten af det nittende aarhundrede den mørke let for et af rasens borgerbreve, og da denne farve ogsaa stemte med praktikkens krav, har man i vaar tid lagt særlig ælsk paa den.

Han skriv at det finst ”mangfoldige vitnesbyrd” om at det var flest lyse fargar hos Gudbrandsdalshesten tidlegare, og nemnar mellom anna rapportar om innkjøp av dragonhestar i 1711²³. Frå distrikta Ringeby og Fron, Lom, Vågå og på Hedmarken var berre 10-11 % av dei 89 innkjøpte hestane brune eller svarte. Det var elles mange blakke i ulike variantar, nokre få skimla og brokete (flekete), og nokre raude. Ein del av hestane hadde bles. Vi skal seinare sjå kva fargar som dominerte i ytre strok av fjorddistrikta på om lag same tid, der var det nemleg tilhøvet heilt motsett. Petersen (1902) er inne på noko veldig viktig, ved å nemne dei to faktorane at mange folk hadde liten kunnskap til historiske fakta, og at ein fyrst og fremst ville ha fargar som stetta krava frå samfunnet der og då.

Tiltak for å fremje hesteavl

Statsstutteriet på Hjerkin

Det fyrste verkeleg praktiske avlstillaket, var opprettinga av *statsstutteriet på Dovre*. Etter modell frå dei andre europeiske landa ynskte den nye norske staten å arbeide målretta med hesteavl, og lektor i veterinærmedisin Chr. Boeck skreiv ei innstilling til Finansdepartementet i 1829²⁴. Her påviste han kor naudsynt det var å gjere noko for norsk hesteavl. Mange klaga over mangelen på smukke, gode og feilfrie hestar, og det var vanskeleg å få tak i bra køyre-

²² Både Petersen (1902) og Baardseth (1973) refererar til talrike rapportar om hestar som vart importert til Noreg frå utlandet. Det var oftast embetsmenn som fekk tak i hestane, og Baardseth (1973, s. 30) fortel at dei særleg var danske og tyske, men også engelske og orientalske.

²³ Petersen, 1902, s. 112

²⁴ Petersen, 1902, s. 51ff.

og ridehestar. Svært mange av dei beste dyra vart seld²⁵, og det var utstrakt bruk av unge hingstar. Boeck meinte at eit godt tiltak ville vere eit statleg stutteri (hesteoppdrett), og han trudde Dovre måtte vere ein god plass for dette. Det kongelige selskap for Noregs vel, ved selskapets veterinærklasse²⁶, tilrådde oppretting av stutteri på Dovre, men dei sette som krav at hestane skulle vere av rein norsk rase²⁷.

Det gjekk nokre år før det skjedde noko i praksis, men i 1843 inngjekk finansdepartementet ei avtale om at fjellstova på Hjerkins vart overdregen til leiglendingen Jon Simensen, som forplikta seg til å drive stutteri der for eiga rekning, men under offentleg kontroll²⁸. Det vart som nemnt lagt føringar på kva slags hestar som skulle kjøpast inn, dei skulle i høgste grad vere ublanda. Finansdepartementet avgjorde at det var rett å satse på fjordhesten, og at man fyrst og fremst skulle kjøpe borka hestar, og elles kunne det vere aktuelt med brune og gule hestar med kvit man og hale²⁹.

For å finne hestar til stutteriet, reiste medlemar frå veterinærklassa (professor Boeck, politiadjutant Dass og oberstløytnant Sørenssen) til Hjerkins sommaren 1844³⁰. Kvar sommar kom det nemleg ein god del hestar frå dei bergenske og romsdalske distrikt gjennom Lesja og Dovre, som skulle til marknaden i Trondheim, og dermed håpte man å finne eigna avlsdyr blant desse. Det kom mange hestar forbi, men ingen vart funnen god nok til å bli stamhest på Hjerkins. Det neste dei gjorde, var difor å sende Dass og ein veterinær til Romsdalsmarknaden i oktober. Her møtte det fram 200-300 hestar, men Dass fann berre ein einaste ein som kunne eigne seg til avlshingst. Denne vart kjøpt, i tillegg til to hopper³¹.

²⁵ Petersen, 2002, s. 52. Det vart mellom anna seld om kring 3000 hestar til Sverige kvart år, til ein verdi av rundt 100 000 spesidalar. Lektor Boeck meinte at viss ikkje den norske hesten vart forbetra, ville svenskane begynne å kjøpe hestar frå Danmark og Tyskland i staden for. Han drog elles fram hesten sin økonomiske betydning, både som salsvare og for landets forsvarsevne.

²⁶ Selskapet for Norges Vel oppretta veterinærklasse ved Universitetet frå 1828, og leiar av denne klassa var lektor Chr. Boeck. Jamfør Baardseth, 1973, s. 33

²⁷ Petersen, 1902, s. 52ff. Grunngevinga for dette kravet var at dei meinte at den norske hesten var tilpassa klima, natur gjennom hundrevis av år. Behandlinga av hesten hadde også verka inn på utviklinga av hesten, og den var difor i stand til å tåle påkjenningar utanlandske hestetypar ikkje kunne takle. Veterinærklassa såg likevel at det kunne vere ynskjeleg med nokre forandringar i hesten sitt ytre og form, men om det skulle skje innføring av utanlandske typar her, så måtte dette vere styrt og planlagt etter omhyggelege mål.

²⁸ Petersen, 1902, s. 54

²⁹ Petersen, 1902, s. 54. Bekjendtgjørelser frå Finansdepartementet 6. mai og 28. juli 1944

³⁰ Petersen, 1902, s. 54-55

³¹ Petersen, 1902, s. 54-55. Kor dei andre hoppene vart innkjøpt, vert det ikkje sagt noko om, men ein enda opp med 4-5 hopper til saman.

Alle hestane var av fargen ulsblakk³², som er ein sær lys variant av blakk farge³³. Ein kjende ikkje til arvelovene på den tid, og håpa med desse innkjøpa på å kunne reinavle den ulsblakke fargen, som høva godt inn i det glansbiletet ein hadde av det typisk norske (sjå under).

Diverre gjekk ikkje stuttedrifta særleg godt, og vart lagt ned etter få år³⁴. I dag er det mange fjordhestfolk og hesteskribentar som eine og aleine gir fargeavlen ”skulda” for dette, og det faktum at det vart fødd mange blåøygd kvite føl³⁵. Truleg var biletet langt meir nyansert, og ”gale fargar” var truleg berre ein liten del av årsakene til at oppdrettet på Hjerkinna fekk så kort levetid. Lensmann Fougner skriv i 1855³⁶ at fjordhestane vart angripne av hestesjukdomen kverke når dei kom til fjells, og at dei brukte lang tid på å finne seg til rette³⁷.

Også statsagronom Lindeqvist¹ inspiserte Hjerkinna-stutteriet i 1855-56¹. Han rapporterte om sørgjelege tilstandar, og meinte at det ikkje var tvil om kva ein burde gjere med heile opplegget. Dermed var skjebnen avgjort for statsstutteriet. Vi veit ikkje om at hestane frå Dovre har hatt nokon som helst direkte innverknad på fjordhesten, men opplegget her var ganske sikkert med på å påverke menneska og dei framtidige vedtaka dei gjorde angående hesteavlen i Noreg. Mellom anna kom statsagronom Lindeqvist som eg nemnde her til å spele ei viktig rolle når det gjaldt det neste viktige avlstillaket, nemleg *innkjøp av statseigde hingstar*.

³² På den tida vart oftast nemninga borka nytta om det vi i dag kallar ulsblakk

³³ Ein ulsblakk hest er ein brunblakk (”vanleg” blakk) hest med enkel dose av eit fortynningsgen, som lysnar det raude (feomelaninet) i kroppsfargen (pigmentet vert samla i den yste delen av hårstrået, medan resten av håret er nærast fargelaust). Dette genet lysnar ein brunblakk hest til ulsblakk, og ein raudblakk hest til gulblakk. På ein grå fjordhest, som manglar eller har lite raudt pigment, vil ein oftast ikkje kunne sjå på fenotypen om hesten har anlegget eller ikkje. Genet finst hos mange rasar, også dei andre norske. I dødehesten og n/l-hesten bleikar det raud farge til gul, og brun farge til det vi kallar borka. Svarte hestar med genet kallast gulsvarte, og kan skilje seg fenotypisk frå vanleg svarte hestar, men treng ikkje gjere det. Viss ein hest har genet i dobbel dose (frå både mor og far) vert han veldig lys, nesten kvit, med lys hud og blå auge, og vert kalla ”blåøygd kvit”. Denne fargevarianten kan altså forekomme innanfor alle dei norske hesterasane (og mange andre rasar), men er per dags dato ikkje godkjend hos nokon av dei, til trass for at den har vore der i ”uminnelege” tider, og er ein del av det genmaterialet som høyrer dei norske rasane til. Jamfjør Ussing (2000), Furugren (2000), Karstad (1949), Loen (1938)

³⁴ Drifta av stuttedrifta på Hjerkinna vart offisielt nedlagt i 1856, etter kongeleg resolusjon. Jamfjør Petersen, 1902, s. 56

³⁵ Om ein kryssar to ulsblakke (borka) hestar, er det 25 % sjanse for at følet blir kvitt med blå auge (Ussing, (2000), Furugren (2000)). Av dei 32 føla som vart fødd på Hjerkinna i perioden 1846-1854, var 15 kvite (Petersen, 1902, s. 55).

³⁶ Jamfjør Petersen, 1902, s. 55

³⁷ Når eg les rapporten til Fougner, med mellom anna tal over føl og fargar, får eg ikkje inntrykk av at dei kvite føla vart sett på som dårlegare enn andre. Kvite føl vart rett nok ”kassera”, og nemnde som ueigna i avlen, men det vart også brune og brunblakke³⁷. Fougner meinte elles at hestane ved stuttedrifta stod langt tilbake i høve den gudbrandsdalske hest.

Ein kan lure på kva som gjorde at det ikkje heller vart satsa på dei lokale hestestammene som fanst i Gudbrandsdalsområdet, då dette var hestar som etter kvart var avla langt sterkare, kraftigare og vakrere enn dei små Vestlandshestane³⁸. Svaret er kanskje å finne i den sterke nasjonalkjensla på 1800-talet? Den norske nasjonalismen vaks fram i tida før og etter 1814, og den norske odelsbonden vart eit sterkt symbol på Noreg som sjølvstendig stat (Myhre, 2012, 54ff)³⁹. I ei tid då nasjonalkjensla var ein viktig verdi, var det gjerne naturleg at ein kasta blikket mot det ein såg på som den mest opphavlege hestetypen? Folk visste at hesten i Gudbrandsdalen var mykje oppblanda med utanlandsk blod, medan ein visste mindre om dette når det gjaldt dyra på Vestlandet⁴⁰. Frå sogelitteratur og andre bevarte dokument frå vikingtida kunne ein lese at den lyse eller kvite hesten var vanleg då, og at desse fargane ofte vart forbunde med kongar og Gudar⁴¹. Truleg var dette, i lag med den kjennsgjerning at det fanst få kvite, blakke eller lyse hestar att i dei andre meir kultiverte rasane ein kjende til, ei årsak til at ein valde å kjøpe inn lyse hestar til det nyoppretta statsstutteriet.

Innkjøp av statshingstar

Etter å ha testa løysinga med statseigd stutteri på Hjerkin, var tida inne for å prøve noko anna. Ein kom fram til at ei god løysing var at staten kjøpte inn hingstar, som vart plassert rundt om i distrikta. Desse kunne bøndene få bruke til merrene sine, dermed ville det på sikt føre til ei forbetring av hestebestanden. Ein ville i tillegg setje i gang med utstillingar, der ein kunne samle hestar og premiere dei beste. Planlegginga av slike tiltak kom i gang allereie medan stutteriet på Hjerkin var i drift. Indredepartementet⁴² bad i 1850 ein komité bestående av herrane Boyesen, Budde, Christensen og Krog om å uttale seg om kva som kunne gjerast

³⁸ Jamfjør Petersen (1902) og Baardseth (1973)

³⁹ Myhre (2012) fortel at "kulturelt arta nasjonsbygginga seg som ei leiting etter det norske i kultur og natur, i fjellformasjonar, språk og historie. Eit høgdepunkt var nasjonalromantikken, som dyrka det norske bygdelivet, med bonden i sentrum" (Myhre, 2012, s. 222). Vi kjenner alle til kunst, musikk og litteratur som vart til i denne perioden. Det vart også viktig å ta vare på dei norske tradisjonane, som folkemusikk, handverk og husflid, språk, folkedraktar, dans, byggeskikk og matstellstradisjon.

⁴⁰ Jamfjør Baardseth (1973) og Petersen (1902)

⁴¹ Jamfjør Raknem (1974), Oma (2011), Kostveit (2007) og Lyssand (1951-52)

⁴² Departementet for det indre vart oppretta i 1846, og skulle ta seg av saker som omhandla landbruk, industri, skog- og bergverksdrift, fiskeri, handel og sjøfart, forsynings- og medisinalvesenet, post-, skyss-, veg-, kanalbyggnings- og brannvesen, mål og vekt, forsikring, kommunevesen, oppmåling, riksgrensene, verdsleg inndeling og statistikk. Etter kvart vart mange av oppgåvene til indredepartementet overteke av andre departement, både eksisterande og nyoppretta. Det som til slutt var att av indredepartementet skifta i 1902 namn, og har seinare blitt til handelsdepartementet. Kjelde: http://www.regjeringen.no/nn/om-regjeringa/tidligere/oversikt/ministerier_regjeringer/unionen-med-sverige/departementsinndeling-1814-1905.html?id=0

for å fremje norsk hesteavl⁴³, og dei meinte at det beste og mest effektive tiltaket ville vere å skaffe gode hingstar som kunne plasserast ut i distrikta. Styrarane ved landbruksskulene skulle få i oppdrag å ha hingstar ståande ved skulene, og bedekking måtte vere gratis eller svært rimeleg. Det vart også føreslege at ein skulle premiere dei beste avkoma etter hingstane, og dei som hadde staten sine hingstar ståande skulle få eit årleg bidrag til fôr og andre kostnader. Herrane var elles samde om at hingstane helst skulle vere av den opphavlege norske eller vestfjordske rase, men at ein kunne nytte gudbrandsdalske hingstar i dei områda der desse var mest vanlege, og føretrekte. Det tok nokre år før innstillinga frå komiteen vart vedteken av storting og regjering, men i 1857 vedtok ein å setje i gang tiltaket⁴⁴.

Det vart før nemnde statsagronom *Lindeqvist* som vart sett til å kjøpe inn statshingstar. Han fekk i 1856 i oppdrag å utarbeide ei førestilling, der han skulle greie ut om kva ein måtte ta omsyn til ved innkjøpa⁴⁵. Han meinte det var viktig å ta omsyn til krav frå jordbruket, skogbruket og skyssvesenet, og at det ikkje var så nøye om ein heldt seg til nokon særskild type norsk hest. Det var viktigare at ein hørde på kvar einskild stad sine ynskje og krav. Lindeqvist var elles oppteken av at hesteavlens skulle bringe fram dyr som var eigna til militært bruk i kavaleri og artilleri. I 1857 fekk Lindeqvist stillinga som bestyrar av statens foranstaltningar til hesteavlens fremme, og i åra 1857-1861 kjøpte han inn femten hingstar av gudbrandsdalsk rase, samt éin hingst av framand blod. Kva skjedde så med fjordhesten?

Lindeqvist hadde ingen enkel oppgåve. Baardseth (1973) gir ein inngående skildring av framveksten av den moderne gudbrandsdalshesten i boka si *Hesten i Østfold*, og fortel mellom anna at det hadde vore så mykje kryssing mellom dei to hestetypene fjordhest og gudbrandsdalshest at det var tvil om det eigentleg fanst noko skilje mellom dei særeigne norske hestetypene. Uansett var det fastslege at det *var* det, og Lindeqvist ville bygge avlen på dei beste dyra av den større typen i Gudbrandsdalen, samt at han ville reinavle den mindre hestetypen som fanst på Vestlandet.

Det kjem utanfor rammene til denne oppgåva å skrive noko om avlen av dødehest (gudbrandsdalshest), men eg vil kort nemne at denne hestetypen etter kvart vart oppblanda ein del med utanlandsk blod. Lindeqvist ynskte fyrst og fremst å avle på den hesten som fanst i dei gudbrandsdalske distrikt, og meinte at denne høva godt til jordbruk, skogbruk og skyss. Det kom derimot krav, mellom anna frå kongen (Karl XV) om at militæret trong ein større

⁴³ Petersen, 1902, s. 56-57

⁴⁴ Petersen, 1902, s. 57

⁴⁵ Petersen, 1902, s. 58-59

ridehest⁴⁶. Kongen kjøpte sjølv inn varmblodige hestar, og nokre av desse fekk betydning for dødehesten. Foreiningar og privatmenn kjøpte også inn hingstar av framande rasar, og mellom anna fekk Aker Sogneselskab tak i fullblodshingsten Odin⁴⁷. Denne fekk avgjerande betydning for gudbrandsdalshesten, og då Lindeqvist fekk sjå etterkommarar etter denne, uttala han at det kanskje ikkje var så gale med litt varmblood i den norske hesten likevel⁴⁸.

Grunnen til at eg seier nokre ord om dødehesten, er fordi Lindeqvist aldri kjøpte nokon fjordhingstar til utstasjonering på Vestlandet i den fyrste tida etter at han begynte i stillinga si. Han reiste rundt på Vestlandet i 1861 og leita etter hingstar⁴⁹, men han fann ingen han syntes var eigna til å forbetre rasen med. Det er ikkje godt å seie kva som var årsak til dette. Var hestane på Vestlandet for dårlege, eller var Lindeqvist for kravstor og godt vand⁵⁰? Det er uråd for oss i dag å konkludere på dette området, men resultatet av Lindeqvist si leiting vart til slutt at han kjøpte inn fire hingstar av gudbrandsdalsk rase, som vart stasjonert rundt om på Vestlandet⁵¹.

For den vidare avlen av fjordhest kom desse innkjøpa til å få mykje å seie, og i ettertid har desse dødehingstane blitt fordømt av mange. Karstad (1949) skriv at det nok var mange som skulle ynskje innkjøpa var ugjort i ettertid, og Nordang (1955) hevdar at blandingsalet vart meir til skade enn gagn for Vestlandet. Bakken (1986) skriv at Lindeqvist på denne måten legaliserte blandingsavlen, og i tillegg gav signal om at fjordhesten som kulturrase ikkje var interessant. Nordang (1955) nyanserer rett nok biletet litt, ved å fortelje at ein gjer rett i å hugse at dødehesten ikkje var den same den gong, og at skiljet mellom fjordhest og dødehest ikkje var større enn att etterkommarar etter dei innkjøpte dødehingstane kunne nyttast i arbeidet med å få fram den moderne fjordhesten. Hingstane som vart kjøpte heitte *Batalden*, *Harald Viking*, *Brage* og *Napoleon Soleglad*⁵². Dei to fyrste, og spesielt Harald Viking, fekk stor betydning for fjordhesten resten av 1800-talet. Fire av sønene til Harald Viking vart seinare seld til staten, og etterkommarar etter Harald Viking vart nytta mykje einskilde plassar

⁴⁶ Baardseth, 1973, s. 50

⁴⁷ Baardseth, 1973, s. 35

⁴⁸ Baardseth, 1973, s. 50. Hingsten Balder (Stambokført som Veikle-Balder 4) fekk 1. premie på Stav i 1859. Den var sonens son av Odin, og er stamfar til dei viktigaste linjene innafor dødehestavlen

⁴⁹ Bakken, 1986, s. 63. Lindeqvist sa elles om ein av dei største gardane i landsdelen at det var "en mykjet dårlig gård, kan endast föda et par geter", så han var truleg vand med større tilhøve enn det han fann på Vestlandet

⁵⁰ Jamfør komiteen som leita etter hestar til stuttoriet på Hjerkin nokre år før

⁵¹ Karstad, 1949, s. 17

⁵² Karstad, 1949, s. 17-18 og Bakken, 1986, s. 64

i Hordaland og i Rogaland, og seinare også i Nordfjord⁵³. Det var denne avlen som seinare la grunnlag for den sokalla *Rimfakse-strida*, som eg kjem tilbake til seinare.

Ordninga med statseigde hingstar varde fram til 1871, då vart den siste av dei hestane Lindeqvist kjøpte inn i åra 1857-1861 seld⁵⁴. Det vart prøvd ut eit opplegg med tilskot til private hingstar, men dette tok slutt i 1868. Same året vart det bestemt i Stortinget at ein på ny skulle kjøpe inn hingstar som kunne plasserast rundt om i fylka, og dette vart gjort. Det vart no kjøpt inn 4 fjordhingstar, to til kvart av fylka Rogaland og Hordaland. Frå 1876 fekk også dei andre vestlandsfylka hingstar, og både stat, fylker (og etter kvart også private hesteavlslag) fekk tilskot til kjøp og fôring av hingstar. I 1899 var det soleis heile 25 hingstar stasjonert rundt om på Vestlandet⁵⁵.

I store delar av Hordaland og Rogaland vart etterkommarane etter Harald Viking svært mykje nytta i avlen⁵⁶. Harald Viking hadde ein soneson som heitte *Skjervheimsrauen* eller *Odin 16*. Han var fødd på Voss, men vart seld til Jæren, og vart godt likt der. Fire av sønene til Odin 16 vart selde til staten, og to av dei, *Erling Skjalgson 90* og *Rimfakse 146*, vart viktige. Desse hingstane var raude med lys man og hale, og begge fekk 1. premie.”Det heile laut enda i det villaste blandingsrot”, skreiv Karstad i 1949. Hingsten Rimfakse 146 var fødd på Voss, og stamtavla bestod av på lag halvt om halvt med ”døl” og ”fjordhest. Han vart kjøpt til Sogn og Fjordane fylke i 1892, og vart plassert på Breim i Nordfjord⁵⁷. Rimfakse var ein flott hest, og vart svært mykje nytta i avlen.

Etter kvart førde bruken av desse blandingshingstane til ei bitter strid i hestemiljøa. Årsaka til at hingstar som Rimfakse vart sett inn i avlen, var ynskja om ein større, sterkare og betre hest til tungt jordbruksarbeid⁵⁸. Nordfjordingane forstod etter ei stund at Rimfakse og etterkommarane hans kanskje ikkje var heilt det dei ville ha likevel⁵⁹. Dei fekk stritt lynne, og nokre eksteriørtrekk Nordfjordingane ikkje lika, spesielt i andre generasjon viss dei til dømes hadde Rimfakse både som farfar og morfar⁶⁰. I 1907 samla folk seg til eit stort møte i Innvik i

⁵³ Karstad (1949), Nordang, (1955), Bakken, (1986)

⁵⁴ Karstad, 1949, s. 19.

⁵⁵ Karstad, 1949, s. 19

⁵⁶ Karstad, 1949, s. 30-32

⁵⁷ Karstad, 1949, s. 32

⁵⁸ Jamfør Karstad (1949), Nordang (1955), Bakken (1985) og Bakken, Hegdal & Sunde (1989).

⁵⁹ Rimfakse stod i Breim frå 1992-97, i Jølster frå 1898-1901, og i Førde frå 1902-07 (Karstad, 1949, s. 35)

⁶⁰ Dette handla mellom anna om at dei vart kvepne, fekk stygge fargar, lange bein og dårleg og ueigna kroppsbyggnad. Jamfør Karstad (1949).

Nordfjord⁶¹. Strida kring Rimfakse og blandingsavl en hadde då gått føre seg nokre år, og det var på tide med ei avgjerd. Over 400 mann møtte opp, og møtet varte ein heil dag. Noko offisielt vedtak vart det ikkje fatta på møtet, men stemninga var der for reinavl av fjordhest, og etter den tid tok Nordfjordingane til med å ”reinske ut” avkomet etter Rimfakse: ”Dei såg i stambøker og på øyre og på fargar, og dei reinska ut hestar berre det var mistanke om at det kunne vere døleblod i dei”, skriv Bakken, Hegdal og Sunde (1998). Viss ein les stambøkene for fjordhesten, og studerar stamtavler, ser ein raskt at biletet er meir nyansert enn som så, og at fjordhesten i dag framleis har mange av desse blandingsdyra i stamtavla⁶².

I den nye ”reinavlstida” var fargar ein enkel ting å selektere for, så frå den tid vart det satsa hardt på blakke hestar. Hingstar som vart kjøpte inn av staten, fylka og hesteavslaga skulle vere blakke, då tenkte ein at ein slapp fri frå blandinga. Karstad (1949, s. 38) skriv at: ”For det lyt seiast at nokre av blandingshestane hadde ført inn i fjordhesten bygningsdrag og anlegg som han kunne ha godt av, og som går att som gode eigenskapar den dag i dag”. Eg skal no kort ta føre meg korleis tilstanden var i dei ulike vestlandsfylka på 1700- og 1800-talet, spesielt når det gjaldt hestefargar.

Hesten i Sogn og Fjordane

Nordfjordhesten

Ein skal vere klar over at dei hestane ein hadde som utgangspunkt då ein begynte med organisert avl av fjordhest, var temmeleg ulike i dei ymse distrikta i Sogn og Fjordane. I Indre og Midtre Nordfjord hadde ein frå gammalt av mykje handel med bygdene i Gudbrandsdalen. Det går gamle driftevegar mellom anna over Strynefjellet, og i dei indre bygdene, som Eid, Stryn, Loen, Olden og Vikane, var hesten ein god del påverka av hest austfrå. Fleire kjelder fortel det faktum, at når handelskarane reiste austover med store hestedrifter, tok dei ofte med seg gode avlsdyr tilbake att⁶³. Dette verkar logisk, dei visste jo at viss dei greidde å avle betre

⁶¹ Karstad (1949), Nordang (1955), Bakken (1986), Bakken, Hegdal & Sunde (1998).

⁶² I stambok 1, 2. utgåve (frå 1920) er ætlingane frå Harald Viking, samt ein del andre hingstar brukt i avl av dølerase eller anna framand blod (mellom anna den før nemnde hingsten til Ole Bull) skild ut i ei eiga avdeling som vart kalla ”Vestlandsblanding”⁶². Ei tid var det på tale å begynne å stambokføre desse for seg sjølv, og på Sør-Vestlandet (spesielt i Sunnhordland og på Jæren) hadde folk ein godhug for blandingshestane til langt ut på 1920-talet. Dei la mellom anna nøye merke til om ein brun hest vart strengare dømt på utstilling enn ein blakk. Jamfør Karstad, 1949, s. 29

⁶³ Mellom anna fortel Lyssand (1951-52, s. 114) om ei merr som vart kalla Bødalssvarta. Ho hørde til på Bødal i Loen, og var innkjøpt i Gudbrandsdalen i lag med fleire andre dølemerrer som vart seld som alemerrar i Nordfjord. Nesdal (1983, s. 15) fortel at noko av velstanden i Lodalen kunne først attende til handel, og skriv at dei reiste over Jostedalsbreen med store dyredrifter, mellom anna til Trondheim og Røros. Lyssand (1951-52) fortel om hestar frå Lesja som hamna på Møre, og om fleire tydleg dølemerkte hestar i Nordfjord, lenge før

dyr, ville prisane bli høgare neste gong dei reiste austover med hestar. Gudbrandsdalen var det området i Noreg der hesteavl stod lengst framme. Storbønder hadde i mange år kryssa inn framand blod i dei gamle gardsstammene sine, og drive planmessig og god avl. Det var med utgangspunkt i dei beste stammene frå Gudbrandsdalen at dødehesten vart danna⁶⁴.

I Indre Nordfjord vert det fortald at det var ein del eksteriørmessig god hest, og her fanst det også folk med interesse for avl⁶⁵. Det er difor rimeleg at det var her ein fyrst tok til med utstillingar, og at det var her dei hingstane staten etter kvart kjøpte inn, vart plasserte⁶⁶. Svært mange av dyra i dei fyrste stambøkene for fjordhest kom frå nettopp Indre og Midtre Nordfjord, og avlen her fekk stor betyding for utviklinga av rasen. Frå Ytre Nordfjord veit vi mindre, men ting kan tyde på at hesten her hadde større variasjon, var meir småvoksen, og med fleire ulike fargar. Mork (1949) fortel om hestehandel og hestedriftar i Nordfjord, og skriv at:

Fargen på hestane ymsa mykje. Frå havkanten kom det kvart år mange mørke øykjer. Det fanst ein og annan svart hest i drifta kvart år. Det var ikkje dødehestar dette, berre ganske små, lette hestar. Ein og annan salutte hesten såg vi og, brune med kvite flekkjer og mørkraude med kvite flekkjer, blesutte, skimlutte og sokkute slang der ein og annan av og der ute frå bygdene ved havet (Mork, 1949, s. 65)⁶⁷.

Han fortel vidare at frå Midtre og Indre Nordfjord var det mest blakke hestar, og dei borkete (ulsblakke) hestane vart sett svært høgt av bøndene. Det var også kvite hestar med glasauge i drifta kvart år, og ein god del grå (Mork, 1949, s. 65). Nordang (1955) fortel at lengst nord på Vestlandet var dei blakke fargane dominerande. Dette ser vi veldig tydleg i dei fyrste tre stambøkene for fjordhest (vestlandshest), der mesteparten av dyra kjem frå Nordfjord og Sunnmøre, og veldig mange er blakke på farge⁶⁸. Noko som er interessant, er at stoda truleg

ættlingar etter Batalden og Harald Viking som Lindeqvist sette inn i avlen kom inn i biletet. Hommedal og Melve (1979) skriv om både hingstar og merrar som kom austfrå og til Voss. Det er tydleg at det var vanleg å handle hest begge veger, sjølv om sal av hest mest gjekk frå vest til aust. Også Karstad (1949, s. 25) fortel om dødehestar som kom til Romsdalen frå Lesja.

⁶⁴ Jamfjør Petersen (1902) og Baardseth (1973)

⁶⁵ Mellom anna fortel Karstad (1949, s. 25) at hesten i Nordfjord og på Sunnmøre var av ein større og vakrare type enn i dei andre bygdene. Meir einsarta i farge var han også.

⁶⁶ Jamfjør Stambøkene for Vestlandshest

⁶⁷ Når det er snakk om fargar på hest frå Ytre Nordfjord, høver det også godt å nemne fotografiet som er attgjeve i stambok 1 for Gudbrandsdalshest (1902, s. 22). Dette biletet er også teikna, og finst i Hirsch (1910, s. 9). Fotografiet/teikninga visar ein "primitiv fjordhest frå Stadt" der fargen vanskeleg kan forklarast som anna enn tigra (prikkete).

⁶⁸ Jamfjør stambok 1, 2. utgåve (1920), stambok 2 (1923) og stambok 3 (1925).

ikkje alltid har vore slik. Midt på 1700-talet var ein stor del av hestane i Nordfjord brune, svarte og raude, og det fanst ikkje fullt så mange blakke⁶⁹.

Hesten i Sunnfjord

Når det gjeld fargevariasjon veit vi at det same var tilfelle i Sunnfjord som i Ytre Nordfjord, og som det også var i heile Nordfjord på 1760-talet. I Sunnfjord var det småvoksen hest, som prega meir av den gamaldagse typen⁷⁰. Vi fann kanskje mindre innblanding av typar frå Austlandet i desse distrikta, som låg lenger unna handelsvegane? Derimot var avl for sal austover ei viktig inntektskjelde for bøndene i Sunnfjord, så at mykje hest fór frå vest til aust i desse distrikta, det veit vi⁷¹. Joleik (1959) gjekk i gjennom mykje gammalt skiftemateriale frå Sunnfjord, og han fortel at det var få blakke hestar i tidlegare tider⁷². Joleik (1959) har elles ikkje mykje pent å seie om overgangen til blakk farge på fjordhesten:

Fjordingane eller fjordaøykjene no, er berre blakke på let. Men de er etter kunstigt (unaturlegt) utval med statshjelp, sidan um bil 1880". "Slik utskifting, etter leten, letta arbeidet fyr prisdomarane på utvalssjå og marknader. De sum ikkje hadde autorisera let, måtte ikkje ha von um premiering – og folkje retta seg etter visdomen. Men både folk og fe ymsar mykje i hårleten, um dei er like elles – leten er ikkje rasemerkje (Joleik, 1959, s. 69).

Det var lettare å kjenne hestane frå kvarandre når ikkje alle var like, hevda Joleik, og kvart individ vart meir karakteristisk. "Det var leitt at rasefarisearane skulde få skape um fjordingane til blakk dåmlaus let", skriv han, og vidare: "Gjort er gjort, og kann ikkje gjerast umm-att. Dei blakke er korkje verre eller betre enn øykjer med annan let, men ymsande let hev fyremuner med greidare skjilnad" (Joleik, 1959, s. 69).

Hestane frå Sunnfjord finn vi få av i dei aller fyrste stambøkene. Det var lite med utstillingar her, sjølv om den fyrste hesteutstillinga på Vestlandet faktisk vart halden i Førde i 1864⁷³. Ein og annan stamhingst vart også utstasjonert i Førde, og nokre i Ytre Sogn, men desse fekk

⁶⁹ Upublisert materiale (Steinar Furnes, 2014). Furnes har registrert fargar på 614 hestar i Nordfjord i perioden 1761-1770, med utgangspunkt i skiftemateriale. Det finst svært mange ulike fargar, og til dømes er heile 83 hestar svarte, og 213 er raude.

⁷⁰ Bakke (1946) fortel etter A. Helland at Sunnfjordhesten skulle vere den mest gamalekte hesten i landet. Hesten hadde mange feil, men folk lika han like vel. Arentz (ref i Bakke, 1946) fortel frå kring 1780 at hesten var liten, og helst raudbrun eller svart, og nokre gongar med kvit man og hale. Den blakke fargen var ikkje gamal her, men det fanst grå og salutte (flekkete/skjevete) hestar. Det vart drive mykje med sal av hest til Lærdøler, Hallingar og Valdresar.

⁷¹ Jamfør Joleik (1959) og Bakke (1946)

⁷² I totalt 33 hestar i arveskifte frå 1750 fann han berre 1 blakk (resten var 1 mørkraud, 1 brunraud, 1 lysbrun, 1 svartbrun, 3 kvite, 4 brune, 4 grå, 5 svarte og 12 raude). 50 år etter, i 1800, hadde talet på blakke hestar auka, slik at det totalt var 7 blakke av 43 (Joleik, 1959, s. 69).

⁷³ Karstad, 1949, s. 18

ingen stor innverknad⁷⁴. Kanskje var merrene og utgangspunktet for dårleg i desse distrikta? I stambok nummer 5⁷⁵, den andre stamboka for hopper, finn vi plutselig ei mengd med merrer som har opphav på morssida i hopper frå Sunnfjord og Ytre Sogn. Vi kan her lese at hestane i Sunnfjord og Ytre Sogn hadde mykje av den same fargevariasjonen som vi seinare skal sjå at fanst på Voss. Vi finn brune, svarte, raude og skimla dyr, i tillegg til dei blakke⁷⁶.

Hesten i Møre og Romsdal

Dei blakke og borka hestane frå Møre

Mange av hestane i dei fyrste stambøkene for fjordhest kom frå Møre, kanskje spesielt frå bygdene Stranda og Norddal⁷⁷. Hingstar som har blitt viste på dei tidlege utstillingane, som helst vart helde på Stranda, vart ført inn i stamboka då denne kom, samt både utstilte merrer, og merrer som var mødrer til hingstane. Ein finn dermed avlsdyr i stambøkene som er fødd tilbake på 1850- og 60-talet frå Mørebygdene. Lyssand (1951-52) fortel at fram til 1870 er 100 % av dei stambokførde hingstane og merrene frå dette distriktet ulsblakke⁷⁸.

Det Lyssand (1951-52) fortel vidare er interessant når det gjeld det eg tidlegare har nemnt om fargar på hest i Gudbrandsdalen på tidleg 1700-tal. Han fortel nemleg at dei i Norddal prestegjeld frå gammalt av hadde ein stamme med store borkete hestar. Opplysingane om dette har han frå samtale med Mons H. Myklebust frå Valldal i Norddalen, som meinte at desse hestane stamma frå unghestar Norrdølane bytte til seg i Romsdal. Frå Valldal var der gamal ferdseisveg til Romsdalen, og det var også ferdseisveg frå Tafjord i Norddal og over til Gudbrandsdalen. ”Der er soleis gode nok tilhøve for samferdsle med dødehest-bygder” (Lyssand, 1951-52, s. 127).

På den årlege marknaden i Romsdalen vart det omsett store mengder med hest, og desse kom ofte frå Nordfjord og Sunnmøre, og vart seld til Opplandene⁷⁹. Det er ikkje usannsynleg at det vart teke med nokre avlsdyr tilbake att frå også, og det er all grunn til å tru at det er dette

⁷⁴ Jamfjør Vassliås (2005) og Sletteland (2002)

⁷⁵ Stambok over vestandshesten 5. band (1930)

⁷⁶ Vassliås (2004) skriv litt om dette i heftet *Hundre år med fjordhest i Ytre Sogn og Sunnfjord*. Mange av merrene av dei gamle stammene mellom anna i Dalsfjorden var raude med kvit man og hale, og det fanst også brune merrer (Vassliås, 2004, s. 30). Desse hadde ingen ting med dei dødehestane Lindeqvist kjøpte inn å gjera.

⁷⁷ Jamfjør stambok for vestlandshest, band 1, 2 og 3

⁷⁸ Lyssand, H. (1951-52) Om hesten i Møre og Romsdal, frå *Fjordhesten – frå dei eldste tider og fram til det tjugande hundreåret*, s. 126ff

⁷⁹ Dahle, H. K. (2006) *Fjordhesten i Noreg*, s. 60. Reisa frå Nordfjord og Sunnmøre til Romsdalsmarknaden vart rekonstruert i 2004, og filma som NRK-produksjonen ”Vegen mot Romsdals marknad” eller ”Den store hesteferda”

Lyssand meiner når han skriv at dei store borka hestane i Norddal stamma frå hestebyte i Romsdalen⁸⁰. Opphavet var då truleg større hestar frå Gudbrandsdalen eller omkringliggende område. Lyssand fortel også om prest *Cristoffer Tanke*, som hadde kallet sitt på Møre, og dreiv eit ”skøndt stutteri på prestegården i Norddal”, og han meiner at hestane frå dette oppdrettet også kan ha påverka hesten i Norddal heilt fram til dei fyrste utstillingane tok til på 1850-talet⁸¹.

Hesten i Hordaland

Baroniet Rosendal og Rosendalshestane

I den tida då ein begynte å avle meir målretta på hest her til lands, var det nokre distrikt som merkte seg ut med spesielt gode dyr, som stod over anna hest kvalitetsmessig. På austlandet var Gudbrandsdalen eit slikt særst godt avlsdistrikt, og Nordfjord og Sunnmøre merkte seg også ut⁸². Det var frå desse områda eit fyrst og fremst plukka ut dei stamdyra som grunnla rasane dødehest og fjordhest⁸³. Også Kvinnherad i Hordaland stod i ei særstilling når det gjaldt å ha gode og flotte hestar, og det var Baroniet Rosendal som var å takke for dette.

”Rosendalshestane” eller ”Baronhesten” var kjent ikkje berre i Hordaland, men også søretter til Rogaland (Lyssand, 1951-1952, s. 105).

Også Mehl (1996) fortel om hestane frå Rosendal i boka si om Kvinnheradshesten. ”I siste del av 1800, og fyrste åra etter hundreårsskiftet var Hoff Rosenkrone, eller Avlsgarden, eit midtpunkt for avl og oppal av hest i Kvinnherad og bygdene kring” (Mehl, 1996, s. 19). Det kan godt vere mogleg at hestane frå Rosendal hadde noko innblanding av framand blod, men det kan verken provast eller motprovast. Sikkert er det at dei må ha merkt seg ut frå hestetypene i distrikta omkring, og det, saman med det faktum at det var rikfolk som reiste mykje som åtte Rosendal, kan nyttast som bakgrunn for å hevde at det kan ha vore utanlandske hestar i bygda, som har sett sitt preg på den lokale hestebestanden.

”Rosendalshestane” eller ”Baronshestane” var altså eit omgrep som vart mykje nytta, og det som er interessant, er at denne hestestammen gjekk inn som eit av basisgrunnlaga for fjordhestrasen slik vi kjennar den i dag. Den mest kjende av dei var Rosendalsborken I 8, som

⁸⁰ Karstad (1949, s. 25) fortel også at det kom nedover ymse dødehingstar frå Lesja til Romsdalen

⁸¹ Kleiva (1975, s. 269) fortel også at hestealeet i Norddal tidleg merkte seg ut, og at stutteriet til presten Tanche innverka godt. Presten hadde godt vet på hest, og delte kunnskapen sin med andre.

⁸² Jamfjør Karstad (1949) som fortel at meldingar frå embetsmenn 1850-1880 peika på at hesten i Nordfjord og på Sunnmøre var større og vakrere enn andre plassar

⁸³ Jamfjør Karstad (1949), Nordang (1955) og stambøkene for vestlandshest.

lenge har vore nytta som symbolet (logoen) til Norges Fjordhestlag. Rosendalsborken var ulsblakk, og denne fargen vart godt likt ved baroniet og i områda rundt. Fleire av sønene til Rosendalsborken vart også premiehingstar, og spreidde både genar og farge frå faren vidt rundt i Hordlandsbygdene. Også i Rogaland fekk Rosendalshestane ein del å seie (Nordang, 1955, s. 165).

Hesten på Voss

Det er litt tilfeldig kor mykje vi veit om avl og avlsframgong i ulike distrikt, men i nokre område begynte dei tidleg med hesteutstillingar, og det er i desse områda vi stort sett finn dei dyra som tidleg vart førde inn i stambøkene, og også fekk innverknad på framvoksteren av fjordhestrasen. Det er ikkje så lett å vite kva som førde til kva, altså kva rekkefylgje hendingane skjedde i. Var det fordi folk begynte med avlsfremjande tiltak (utstillingar) at ein fekk gode dyr, eller var det fordi det fanst gode dyr i eit område at ein sette i gang med utstillingar der? Truleg var det ein kombinasjon. I Hordaland var Rosendal, Voss og Bergen tidleg ute med hesteutstillingar⁸⁴.

På Voss var det mange interesserte hestefolk, og tidleg fleire retningar innafor hesteavl. Storbønder dreiv med kappkøyring på isen, og ynskte seg raske hestar⁸⁵. Det gjekk føre seg handel over Hardangervidda mot aust⁸⁶, og hestar vart førd begge veger, mest frå vest til aust, men ein må også rekne med at gode avlsdyr vart tekne med hin vegen⁸⁷. Det kom hest til Voss både frå Sogn, over Vikafjellet, og frå Sunnfjord. Sidan ein starta så tidleg med utstillingar og utstasjonering av stamhingstar på Voss, veit vi mykje om korleis hesten på Voss såg ut under

⁸⁴ Jamfør Nordang 1955, s. 166. Frå 1865 var det utstillingar på Voss (Karstad, 1949, s. 18)

⁸⁵ Dette er mellom anna godt dokumentert i boka *Hest for alle pengene* frå 2003, som handlar om travsport på Vestlandet gjennom tidene: "Det begynte selvfølgelig på Voss. Kappridning i bryllup er kjent fra 1750, og Vangsvatnet var arena gjennom fleire hundre år" (Valaker, 2003, s. 9). Etter kvart gjekk ein over til kappkøyring. "Vossingene har alltid hatt øye for gilde og slitesterke hester, passe lette, seige og raske. Mange av vossehestene var resultat av krysning mellom døl og fjording. Det ga hest som var seigere enn dølen og raskere enn fjordingen" (Valaker, 2003, s. 9). Avlen av hest på Voss hadde difor, truleg i større grad enn i dei fleste andre vestlandsbygder, eit mål i retning av hurtige hestar med raskt tråv.

⁸⁶ Bleie (1961) har skrivt ei roman om denne handelen: *Hestar fór Hardingslepa*, der han i eit føreord mellom anna fortel at på Espe i Ullensvang handla dei med hestar i om lag 200 år, frå litt etter år 1700. Karane frå Espe kjøpte hestar i Hardanger og bygdene rundt, og til og med heilt frå Sunnfjord. Dyra vart selde i Rauland i Telemark. Andre gardar i området fylgde etter, mellom anna Skjervheimane frå Voss, men Espe vart sentrum for hestehandelen austover. Marknads plassane der hestane vart omsette veksle, frå 1826 var det Salpytt på Hardangervidda som var plassen, men frå 1850-åra handla dei med hestar på Åmyr ved Totak, og i 1898 vart marknaden flytt til Grungebru, og sidan til Dalen (Bleie, 1961, s. 7-8).

⁸⁷ Her kan eg mellom anna vise til Sjur Hommedal frå Voss, som er sitert i boka *Hestar og hestekarar på Voss* (1979): "Me kan vel rekne med at med den sterke utførsel her var av hest, ikkje minst frå Vossestrand, så hadde dei med seg dyr heim att og. Utførsel var av brukshest, og ei viss innførsel av alehest må me rekne med. Såg hestehandlaren ein hest han likte, så må me hugsa – han var handulskar" (Hommedal & Melve, 1979, s. 124).

andre halvdel av 1800-talet. Det som slår meg når eg les katalogar og springrullar frå den tida, er fargemangfaldet. På Voss kan ein, i større grad enn i dei fleste andre bygder, finne att alle hestefargane slik det er skrive om at dei var dei fleste plassar på Vestlandet på 1700-talet."Springrullene" (lister over hopper bedekka med staten sine hingstar) er til dømes spennande lesing viss ein vil vite noko om fargar.

I 1876 stod statens hingst Baronen 22 på Gjeremo, Voss, og ein kan lese at han vart nytta til 40 hopper. Av dei var 11 blakke, 3 borka (truleg ulsblakke), 10 brune, 3 svarte, 1 raud, 1 grå, 6 blå, 1 brunskimlet og 4 skjevete⁸⁸. Det er interessant å sjå dette mangfaldet. Sjur Hommedal (1901-1997) fortel fylgjande om fargane hos hesten på Voss: "I den norske hesten var allslags fargar, brune, gule, gråe, borkete, skjevete og svarte, men den svarte fargen var ikkje så skinande som seinare. Blåfargen og til og med blåskjevete høyrde også til den norske hesten" (Melve & Ommedal, 1979, s. 125)⁸⁹. Ein fann altså stort fargemangfald blant hestane på Voss, og distriktet var mellom anna blant dei aller siste der vi fann sokalla *skjevete* hestar⁹⁰.

Kvifor dei hadde så stor variasjon av fargar på Voss, er ikkje så godt å vite. Truleg hadde det både med handel frå mange ulike område å gjere⁹¹, og kanskje også med at Voss låg nokså langt unna Gudbrandsdalen, der det som nemnt fanst mykje blakk hest tidleg på 1700-talet, som kan ha påverka fargeavlen i Nordfjord og på Sunnmøre. Ein annan ting vi veit, er at til dømes den blå fargen (skimmelfargen) var ettertrakta på Voss, kanskje meir enn i andre område⁹².

⁸⁸ Jamfør *Aarsberetning angaaende de offentlige foranstaltninger til landbrugets fremme i aaret 1876*

⁸⁹ Ommedal fortset med å hevde at den blakke fargen er noko som er vald ut og ale fram. "Fjordingen skulle skilje seg ut frå dødehesten" (Melve & Ommedal, 1979, 125). Her er Ommedal inne på ein viktig ting, som eg kjem tilbake til. Å avle på blakk farge er eit bevisst val menneska har gjort, det er ikkje slik at fjordhesten alltid har vore berre blakk.

⁹⁰ Loen (1938) skriv at: "Av og til hos einskilde vestlandshestar finna ei stor kvit teikning over manken. Dette avteiknet kallast for skjevete. Dyr med skjevete fargeteikning har vori lite nytta som alsdyr, og derfor har den skjevete fargen vorte sjeldnare i dei seinare åra" (Loen, 1938, s. 12). Skjevete hestar er altså flekkete. I Sogn og Fjordane vart fargevarianten kalla salutt (jamfør Bakke (1946) og Mork (1949)).

⁹¹ Ser ein på innmeldingslista til utstillinga på Voss i til dømes 1876, finn ein at temmeleg mange av dyra har røter frå andre område enn Voss. Mange av hestane er kjøpt frå stork lenger vest i Hordaland. Kjelde: *Aarsberetning angaaende de offentlige foranstaltninger til landbrugets fremme i aaret 1876*

⁹² I dette området rei ein til bryllaup, og i det ridande Vossabryllaupet skulle hestane til brurefolket vere blå. I fylgje Dahle (2006, s. 33) var det nokre gardar som la spesielt stor vekt på å halde blå dødehestar, og det gav gardane status at deira hestar var etterspurde til bryllaup.

Hesten i Rogaland

Avl, handel og fargar i tidlege tidar

I Rogaland fanst det mykje ulik hest, og det var lite styring på avlen i tidlegare tider. Frå område langs kysten finst det fleire rapportar om utegangshest, som gjekk ute heile året og livberga seg sjølv. Desse fast spesielt ofte på øyar, der dei kunne haldast utan gjerder, og utan mykje stell og pass. I jubileumsskriftet til Jæren hesteavlslag frå 1999 står det attgjeve nokre gamle meldingar om hestehaldet i Rogaland, og mellom anna skriv amtmann de Fine i 1747 at det både på fastlandet og på øyene i amtet fanst nokre tusen hestar og hopper⁹³, som stort sett fann det dei trong sjølv av fôr ute det meste av året, og berre vart sett inn om nettene. På øya Skudenes var det mengder av ville, små og utemte hestar og hopper som gjekk ute året rundt, og aldri fekk noko slags fôr frå nokon bonde. Også på fjelløya under Ulstein kloster fanst det slike ville hopper, fortel de Fine, som meinte at sidan desse hestane berre vart brukt til avl, der ein selde føla, kunne eigarane med stor fordel ha kjøpt inn større hestar å avla på. Dette ville kongen og undersåttane hans ha tent på, og dyra kunne då også hatt verdi i krigstider⁹⁴.

Løytnant Flor fortel i 1810 frå ei reise frå Oslo til Lister og Mandals Amt og Stavanger Amt at dei fleste hestane han møtte, også i byene, var av ”Landets ældgamle Race, som eg holder de saakaldte Nordlands Heste for at være. Skjøndt der gives heste af alle Farver, saa er dog en guulblak Farve med mørk Man og Hale samt en mørk Linie langs Rygraden den almindeligste for denne Race”. Fleire rapportar frå Rogaland fortel om mangel på gode hingstar og at det generelt var små hestar og smått stell⁹⁵. Rogaland landbruksselskap ville betre på dette, og i 1842 kjøpte dei dølehingsten Sultan⁹⁶. Seinare kom det mange hingstar til Jæren som var etterkommarar etter dølehingstane Lindeqvist kjøpte inn i 1860-åra⁹⁷. Kan hende var dei hestane som fanst i Rogaland av ein slik kvalitet at det ville vere vanskeleg å forbetre dei utan innblanding av blod frå andre distrikt?⁹⁸ Mykje av det rapportane fortel kan tyde på dette.

⁹³ Omgrepet ”hestar” vart her truleg nytta berre om hingstar, slik at ”hestar og hopper” tyda hingstar og hopper. I mange områder av landet (mellom anna i Sunnfjord) har ”hest” vore nytta berre om hanndyra heilt fram til våre dagar, medan dyr av begge kjønn har vore kalla ”øykjer”. Jamfør mellom anna Joleik (1959)

⁹⁴ Grude & Ravndal (1999)

⁹⁵ Jamfør rapportar ca. 1833 frå Lye sogneselskap, Høyland sogneselskap og Haa sogneselskap, alle attgjeve i Grude & Ravndal (1999)

⁹⁶ Grude & Ravndal, 1999, s. 13. Det var fyrst tale om å kjøpe ein halvblodshingst, deretter ein vestlandshingst. Til slutt enda dei opp med døl.

⁹⁷ Jamfør stambok 1 og 2 for vestlandshest

⁹⁸ Grude og Ravndal (1999) fortel at det var mykje dårlege bein på hestane frå Rogaland, og særleg Jæren, hadde dårleg ord på seg som skysshest og handelshest, grunna dårleg beinstruktur som førde til mange beinbrot.

Oppsummering og konklusjon

Vi har no sett på avl frå gamal tid i dei ymse distrikta, og det er tydeleg at fargane på hestane ymsa mykje frå gamalt av. Både frå Nordfjord, Sunnfjord, Rogaland og Voss veit vi no at hesten fanst i ei rekkje ulike fargar før ein sette i gang med organisert hesteavl⁹⁹. Vidare veit vi at hesten i Gudbrandsdalsdistrikta fanst i flest lyse fargar tidleg på 1700-talet, og at også hesten frå Rosendal og på Møre for ein stor del var blakk eller lys. Vi har også sett at sjølv om hesten i Nordfjord hadde eit stort fargespekter på 1700-talet, var han i indre strok mest blakk på midten og slutten av 1800-talet, då ein tok til med utstillingar og stambokføring. Vi har også sett at både Møre og Romsdal og Indre Nordfjord hadde mykje handelssamkvem med Gudbrandsdalen, at dei selde hestar dit, og tok nokre avlsdyr med tilbake. Mange av dei hingstane som gjekk inn i avlen etter at ein tok til med utreinking av ”Rimfakse-blodet” var blakke, og skulle vere av fjordrase, men etter som mellom anna Lyssand (1951-52) har peika på, hadde også mange av desse hestane nokre av røtene sine i andre distrikt.

Kan det vere at dei lyse hestane frå Gudbrandsdalen var med på å breie ut fargen blakk hjå hesten i Nordfjord og på Sunnmøre, medan hesten i dei andre vestlandske distrikta heldt seg i varierte fargar, slik vi har sett at han stort sett var over alt på 1700-talet? Kanskje blakke og lyse barokkhestar frå Europa gav blakk farge til mange hestar i Gudbrandsdalen på 1600- og det tidlege 1700-talet? Kan det vidare vere slik at svært mange av dei hestane av framand blod som kom oppover til Gudbrandsdalen og resten av Austlandet seinare på 1700-talet og på 1800-talet hadde ”moderne” mørke fargar¹⁰⁰, og at dei dermed var med på å fortrenge den blakke og lyse fargen i desse områda?

Også nokre av dei avlsdyra Lyssand (1951-52) fortel at vart henta frå Gudbrandsdalen til Nordfjord på 1800-talet, var av mørk farge. På den tid var alt blakk blitt den vanlege fargen på Sunnmøre og i Indre Nordfjord, medan mørke fargar dominerte i Gudbrandsdalen. Mange var dermed begynt å sjå på blakk som fjordhesten sin farge, og brun og andre mørke fargar som dølehesten sine fargar, sjølv om stoda var annleis ikkje så mykje tidlegare, slik mellom anna Petersen (1902) var inne på. Då det skulle kjøpast inn hestar til stuttoriet på Hjerkin, valde ein lyse hestar, truleg fordi ein var begynt å sjå på den fargen som den mest opphavlege og urnorske. Seinare, då Lindeqvist kjøpte inn dølehingstane til Vestlandet (som alle hadde mørk

⁹⁹ Her snakkar eg om den tida eg har nemnt noko om tidlegare i oppgåva, der eg fyrst og fremst har vist til rapportar og dokument som seier noko om 1700- og 1800-talet.

¹⁰⁰ Dette veit vi ein god del om. Mellom anna fortel både Petersen (1902) og Baardseth (1973) mykje om namn og farge på einskilde importerte dyr som vart sett inn i avlen av den Gudbrandsdalske rasen, og fargane på desse var oftast brune, svarte, raude eller skimla.

farge)¹⁰¹, og blodet frå mellom anna Harald Viking slo ut for fullt i Nordfjord, fekk ein på ny ei fargeendring. Mange av Nordfjordhestane tok igjen til å få mørk farge¹⁰². På den tid hadde raseomgrepa fjordhest og dølehest festa seg, og sjølv om det framleis var mykje opphavleg hest av mørke fargar både i Sunnfjord, Ytre Nordfjord, Ytre Sogn, på Voss og i Rogaland¹⁰³, hadde folk i dei beste avlstdistrikta (Indre Nordfjord og Sunnmøre) vand seg til med den blakke fargen, som var blitt eit rasemerke. I tida etter 1910 vart folk opptekne av å reinske vekk spora etter etter Lindeqvist sine dølehestar, og noko av det folk satsa på, var å helst sette inn blakke hingstar i avlen¹⁰⁴. Fargen på hesten er noko som er lett å sjå for alle og ein kvar, og det var truleg lett å tenke at viss hesten var blakk, så var det i alle fall ein rein fjordhest¹⁰⁵.

Alle hestane med fargar utanom blakk forsvann etter kvart i vestlandsdistrikta, også i område der dei hadde vore vanlege. Dette var neppe fordi dei ikkje vart avla på, men fordi utstrekt bruk av blakke hestar på sikt gjorde at det ikkje lenger fanst mørke hestar¹⁰⁶ Nordang (1955, s. 178) fortel også at mørke dyr sjeldan vart premierte på utstillingane for Vestlandshest.

Det er vanskeleg å konkludere heilt sikkert om kva som gjorde at folk tok dei vala dei gjorde. Eg har prøvd å trekke opp nokre linjer, og her i oppsummeringa har eg gjort meg nokre tankar over kva eg tenkjer kan vere sannsynlege årsaker til at fargane vart endra, og at valet til slutt falt på den blakke fjordhesten. Når det gjeld farge på hesten i dei ymse distrikta, kan det hende ein ville finne heilt andre resultat om ein undersøkte kjelder frå til dømes 1300- eller 1400-talet. Det har ikkje vore min intensjon her å seie noko om dei tidlegare tidane, eg ville berre sjå på fargane på dei hestane som faktisk utgjer det nære opphavet til dagens fjordhest.

Bøkene eg viste til innleiingsvis gjev inntrykk av at fjordhesten alltid har vore blakk på farge. Etter å ha studert mange ulike kjelder, kan eg i alle fall konkludere med at det ikkje stemmer heilt. I alle fall i perioden 1700-1900 fanst det hestar på Vestlandet i svært mange andre fargar enn blakk. Ein annan konklusjon det vil vere mogleg å trekke, er at Lindeqvist sin innblanding

¹⁰¹ Petersen (1902)

¹⁰² Jamfjør Stambok 1 og 2 for vestlandshest

¹⁰³ Jamfjør Stambok 3 og 5 for vestlandshest

¹⁰⁴ Jamfjør Karstad (1949) og Nordang (1955)

¹⁰⁵ Dette er naturlegvis ingen realitet, og i mellom anna stambok 2 finn vi ein god del avlshingstar som er blakke, men som har blod frå hingstane til Lindeqvist, eller andre "døler", men då gjerne på mors- eller farmors-sida.

¹⁰⁶ Norang (1955, s. 177) fortel mellom anna frå Rennesøy i Rogaland at då han heldt dei fyrste unghest- og merrautstillingane der, kunne han knappast minne ei einaste blakk merr, alle var mørke (Nordang tok til som statskonsulent for fjordhestavl i 1923, så dette måtte vere på 1920-talet). I 1934 vart ein liten hingst (Nor 909) kjøpt til Rennesøy. Han var blakk, og truleg homozygot (hadde genet for blakk farge i dobbel dose). Det Nordng vidare seier er nemleg at etter få år hadde all hesten på Rennesøy skifta farge til blakk.

av dølehesten førde til strid, og at denne ”Rimfakse-strida” truleg var ei medverkande årsak til at svært mange Vestlendingar ynskte å få vekk alle andre fargar enn blakk på fjordhesten. Det er likevel uråd å vite korleis stoda hadde vore om ikkje denne feida hadde komme. Ville fjordhestfolket likevel vald å avle hesten blakk, eller ville dei vore meir opne for at hingstar av andre fargar også skulle kunne premierast og kjøpast inn til avl? Som Joleik (1959) var inne på, letta det arbeidet for premiedommarane når fargen var lik på alle hestane, så det er ikkje sikkert Rimfakse-strida var av avgjerande betyding. Fjordhesten i dag er berre blakk på farge, men eg trur det er av interesse for folk i dag å vite noko om korleis situasjonen var i tidlegare tidar, ikkje minst som bakgrunn for dei debattane som går føre seg i miljøa kring dei norske hesterasane, der ein mellom anna debatterar kor vidt kvite avteikn og fargen ”blåøygd kvit” skal vere tillete i dei ulike rasane. Om eg skal arbeide vidare med denne teksten i framtida, er dette mellom dei faktorane eg ville sett meir på, fordi det også her finst mykje interessant bakgrunnsstoff.

Litteraturliste

- Andresen, A., Rosland, S., Ryymin, T. & Skålevåg, S. A. (2012) *Å gripe fortida – Innføring i historisk forståing og metode*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Bakken, A. M. (1986) *Fjordhesten*. Gyldendal Norsk Forlag AS
- Bakken, A. M., Hegdal, J. & Sunde, H. (1998) *Fjordhesten – Menneskevennen*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Bakke, O. (1946) *Fjaler i gamle dager*. Fjaler Sogelag
- Bleie, J. (1961) *Hestar for Hardingslepa*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Bruns, U. (1978) *Hestens forunderlige verden*. København: Forum
- Børresen, B. (1994) *Kunsten å bli tam – Folk og dyr i 18 000 år*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Baardseth, K. (1973) *Hesten i Østfold*. Østfold Hesteavlsselskap
- Dahle, H. K. (2006) *Fjordhesten i Noreg*. Oslo: Landbruksforlaget – Tun Forlag AS
- Edwards, E. H. (1985) *Den store boken om hester*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Ellingsen, E. M. (1994) *Fjordingen – Arven fra vikingene*. Stabenfeldt AS
- Furugren, B. (2000) *Hästens färger*. Natur och Kultur/LTs Förlag
- Grude, T. & Ravndal, S. (1999) *Jæren Fjordhestlag 75 år 1924-1999 - Jubileumsskrift*
- Hirsch, J. L. (1910) *Hesten – Slag og race, avl og opdræt, røgt og pleie, bruk og nytte for land og by*. Kristiania: Grøndahl & Søns Forlag

- Hommedal, S. & Melve, L. (1979) Hingstar som har vore i bruk på Voss. I: *Hestar og hestekarar på Voss*. Voss: Voss Tråvlag
- Isenbart, H. H. & Bühner, E. M. (1986) *The imperial horse – the saga of the lipizzaners*. New York: Alfred A. Knopf
- Joleik, A. (1959) *Sunnfjordsoga band II*. Flora: Sunnfjord Sogenemnd
- Jonsson, M. (2000) *Hestene fra Sagaøen – Islandshesten før og nu*. Aschehoug Dansk Forlag AS
- Karstad, O. (1949) *Fjordhesten*. Bergen: Varde Forlag
- Kleiva, I. (1975) *Grunn og gror. Norddal bygdebøker band III kultursoge*. Bergen
- Kostveit, Å. Ø. (2007) *Hesten i myter og folkekultur*. Tun Forlag AS
- Loen, J. (1938) *Fargenedarvinga hos vestlandshesten (fjordhesten)* Oslo
- Lunden, K. (1984) *Aschehougs Verdenshistorie. Bind 6 – Europa i krise 1300 – 1500*. Oslo: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard)
- Lyssand, H. (1951-1952) Fjordhesten – Frå dei eldste tider og fram til det tjugande hundreåret. I: *Hordaland Landbruksmuseum Årbok 1951-1952*, s. 61-147. Bergen: Boktrykk L.L.
- Mehl, L. (1996). *Kvinnheradshesten – Frå Rosendalsborken til Haugjo*. Rosendal: Eige Forlag
- Mork, A. (1949) Hestedrifter og driftekarar. I: *Festskrift til Elias Faleide på syttiårsdagen*. Nordfjord Fjordhestlag.

Myhre, J. E. (2012) *Norsk historie 1814-1905*. Oslo: Det norske samlaget

Nesdal, S. (1983) *Lodalen – Fager og fårleg*. Sigurd og Arild Nesdal

Nordang, J. (1955) *Hestelet på Vestlandet i nyare tid*. Nordangs minnefond

Olsen, S. M. (2008) *Hestekrefter i offentlig tjeneste*. Forfatter og Tun Forlag AS

Oma, K. A. (2011) *Hesten – En magisk følgesvenn i nordisk forhistorie*. Cappelen Damm AS

Petersen, S. (1902) Historisk indledning. I: *Stambog over heste af Gudbrandsdalsk rase*.
Første bind, s. 11-101. Kristiania: I kommisjon hos Grøndahl & Søn

Raknem, I. (1974) *Hesten i folketru og dikting*. Oslo: Noregs Boklag

Sandnes, J. (1983) *Handbok i lokalhistorie – Faget og metodene*. Universitetsforlaget

Sletteland, A. (2002) *Førde fjordhestlag gjennom 70 år*. Førde: Firda trykk

Stambok over vestlandshesten. 1. hingster født i årene 1857-1904 Annen utgave (1920).
Kristiania: I kommisjon hos Grøndahl & Søn

Stambok over vestlandshesten. 2. bind hingster født til og med året 1919 (1923). Kristiania: I
kommisjon hos Grøndahl & Søn

Stambok over vestlandshesten 3. bind hopper født til og med året 1915 (1925). Oslo: I
kommisjon hos Grøndahl & Søn

*Stambok over vestlandshesten 5. bind hopper født til og med året 1925 (1930). Oslo: I
kommisjon hos Grøndahl & Søn*

Ussing, A. P. (2000) *Hestenes farver*. Århus: Nucleus Forlag

Valaker, T. (2003) *Hest for alle pengene – Sport, spill og vestlandsk travhumor*. Bergen:
Forlaget Livkunst AS

Vangen, O. (1997) *Hesteboka*, 2. utgåve. Oslo: Landbruksforlaget

Vassliås, O. (2004) *Hundre år med fjordhest i Ytre Sunnfjord og Sogn*. Fjaler sogelag

Wrangel, C. G. (1911-13) *Handbok for hästvänner I*

*Aarsberetning angaaende de offentlige Foranstaltninger til Landbrugets Fremme i Aaret
1876*. Christiania: Grøndahl & Søns Bogtrykkeri

*Aarsberetning angaaende de offentlige Foranstaltninger til Landbrugets Fremme i Aaret
1878*. Christiania: Grøndahl & Søns Bogtrykkeri